



Kunnskapsdepartementet

Førebels tildelingsbrev

# Orientering om forslag til statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskolar

Mål for universitet og høgskolar, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet



## Innhald

1	Innleiing .....	3
2	Mål for universitet og høgskolar .....	4
2.1	Om målstrukturen .....	4
2.2	Sektormål og nasjonale styringsparametrar for 2017.....	5
2.3	Kandidatmåltal for 2017 .....	9
2.4	Oppfølging frå departementet og hos institusjonane .....	11
3	Budsjett for universitet og høgskolar .....	13
3.1	Budsjettforslag for 2017 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett.....	13
3.2	Budsjettforslag for 2017 til universitets- og høgskolebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.....	14
3.3	Budsjettforslag per institusjon (kap. 260).....	16
3.3.1	Universitet og statlege høgskolar (kap. 260 post 50).....	18
3.3.2	Private høgskolar (kap. 260 post 70).....	26
3.3.3	Rekrutteringsstillingar.....	31
3.3.4	Midlar til innføring av femårig grunnskolelærerutdanning.....	32
3.3.5	Vidareføring av midlar.....	32
3.4	Nye studieplassar, vidareføring og opptrapping av studieplasstildelingar frå tidlegare år ...	32
3.4.1	Nye studieplassar i 2017 .....	33
3.4.2	Vidare oppbygging av studieplassar oppretta i 2012, 2014, 2015 og 2016 .....	33
4	Finansieringssystemet for universitet og høgskolar .....	41
4.1	Rammefinansiering .....	41
4.1.1	Basismidlar .....	41
4.1.2	Resultatbasert finansiering.....	42
4.1.3	Unntak frå finansieringssystemet.....	43
4.2	Resultatbasert utteljing 2017.....	45
4.2.1	Datagrunnlag.....	45
4.2.2	Indikatorar med open budsjettramme.....	46
4.2.3	Indikatorar med lukka budsjettramme .....	61
4.2.4	Budsjettverknad i 2017 .....	68



# 1 Innleiing

*Orientering om statsbudsjettet 2017 for universitet og høgskolar* er eit førebels tildelingsbrev for 2017. Departementet legg fram orienteringa samtidig med Prop. 1 S (2016–2017) for Kunnskapsdepartementet, og ho skal saman med endelig tildelingsbrev danne grunnlag for dei budsjett disponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtar for 2017.

Orienteringa er delt inn i tre kapittel:

## *Mål for universitet og høgskolar*

- Kap. 2 viser måla og styringsparametrane for sektoren, som institusjonane skal legge til grunn når dei planlegg verksemda for 2017. Kap. 2 viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

## *Budsjett og endringar i løyving*

- Kap. 3.1 og 3.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskolar.
- Kap. 3.3 viser endringar i løyvingane frå 2016 til 2017 for universitet og høgskolar.
- Kap. 3.4 gir ei oversikt over nye studieplasstildelingar i 2017 og ei oversikt over vidare oppbygging og opptrapping av studieplasstildelingar frå tidlegare år.

## *Finansieringssystemet*

- Kap. 4.1 beskriv finansieringssystemet og endringane i systemet i 2017 for universitet og høgskolar.
- Kap. 4.2 beskriv grunnlaget for den resultatbaserte utteljinga i 2017 for universitet og høgskolar.

## 2 Mål for universitet og høgskolar

### 2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet reviderte målstrukturen for universitet og høgskolar i 2015 for å tydeleggjere regjeringa sine mål og prioriteringar, jf. regjeringsplattforma, og for å forenkle målstrukturen. Departementet legg til grunn at sektormåla skal vere langsiktige og gi ei ramme som institusjonane kan utvikle eigne strategiar og planar innanfor. Sektormåla for 2017 er dei sama som for 2015 og 2016.

I tillegg til sektormåla fastset departementet nasjonale styringsparametrar på område der institusjonane skal vere særleg merksame på korleis resultatata utviklar seg. Dei nasjonale styringsparametrane er ikkje heildekkande for resultat som bidrar til at sektoren når sektormåla, men viser kva resultatområde departementet er særleg opptatt av i styringa av sektoren. Dei nasjonale styringsparametrane er i utgangspunktet fleirårige, men kan endrast på bakgrunn av risikovurderingar.

Kunnskapsdepartementet reviderte, etter dialog med sektoren, dei nasjonale styringsparametrane som gjeld frå 2016. Eit prinsipp som ligg til grunn, er at datagrunnlaget for alle styringsparametrane skal vere tilgjengeleg i nasjonale databasar eller gjennom nasjonale undersøkingar. Alle styringsparametrane, med unntak av kandidatattal, er sett opp som forholdstal slik at resultatata kan samanliknast over tid og mellom institusjonar det er relevant å samanlikne. Enkelte styringsparametre er likevel mest eigna for samanlikning av resultat over tid for institusjonen, ikkje mellom institusjonar, sidan institusjonane har ulik profil. For kandidatattal har departementet fastsett måltal for enkelte utdanningar på kvar institusjon. Nokre av styringsparametrane inngår også som indikatorar i finansieringssystemet, sjå kap. 4.

Dei nasjonale styringsparametrane for 2017 er dei same som for 2016. Departementet tar atterhald om at det kan komme justeringar eller presiseringar i endeleg tildelingsbrev for 2017.

Universitet og statlege høgskolar skal fastsette eigne mål og styringsparametrar for verksemda. Desse skal bygge opp under måla som er sett for heile sektoren, og vise kva profil og utviklingsstrategi den enkelte institusjonen har.

Departementet viser til at det er sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Det er ein føresetnad at aktuelle institusjonar tar omsyn til desse måla i styringa av og planane for verksemda.

Departementet har starta ein prosess med utvikling av fleirårige utviklingsavtalar mellom departementet og den enkelte institusjonen, jf. Prop. 1 S (2016–2017). Målet med utviklingsavtalane er at institusjonane får ein tydelegare profil, og at det blir ei betre arbeidsdeling i universitets- og høgskolesektoren. Innhaldet i avtalen skal i hovudsak utarbeidast etter initiativ frå institusjonen, men departementet kan også ta initiativ til at enkelte forhold blir drøfta. Ein føresetnad for utviklingsavtalane er at departementet og institusjonen er einige om innhaldet. Departementet tar sikte på at avtalane skal vare i 3-4 år, og at vurderinga av resultatata vil skje

gjennom måleparameter eller på anna måte, som institusjonen og departementet er blitt einige om som del av avtalen.

Departementet starta prosessen med utviklingsavtalar i 2016 med Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Stavanger, Høgskolen i Sørøst-Noreg og Høgskolen i Østfold, med sikte på at utviklingsavtalane for desse institusjonane skal inngå i tildelingsbrevet for 2017.

Prøveordninga skal legge grunnlaget for at utviklingsavtalar kan bli ein fast del av styringsdialogen for alle dei statlege institusjonane. Departementet vil i 2017 utvide prøveordninga gjennom dialog om avtalar med fleire institusjonar. Departementet tar sikte på at alle dei statlege institusjonane skal ha utviklingsavtalar frå 2019. Departementet meiner at avtalane får større effekt ved å knytte økonomiske verkemiddel til dei, og tar sikte på å legge fram forslag til dette i Prop. 1 S (2017–2018) for Kunnskapsdepartementet.

## 2.2 Sektormål og nasjonale styringsparametrar for 2017

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna sektormål for universitet og høgskolar i Prop. 1 S (2016–2017) for Kunnskapsdepartementet. Alle universitet og høgskolar som får løyving eller tilskott frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Departementet set krav om at institusjonane rapporterer på dei nasjonale styringsparametrane i *Årsrapporten* (2017–2018). Rapporteringskrava og dataspesifikasjonar vil vere tilgjengelege på nettsidene til Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) i januar 2017.

For 2017 gjeld desse sektormåla og tilhøyrande styringsparametrar (datakjelde for den enkelte styringsparameteren står i parentes):

### *Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning*

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må norsk høgre utdanning og forskning ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt. Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse. Evalueringar viser at utdanninga og forskinga i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljø i Noreg skal ha høg kvalitet og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

#### *Styringsparametrar:*

- *Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*

Delen studentar som gjennomfører utdanninga på normert tid, er for låg. Forseinkingar inneber betydelege kostnader for den enkelte studenten og bind ressursar ved institusjonane. Låg gjennomføring av utdanninga kan også vere ein indikator på dårleg kvalitet. Rapporteringa for 2017 som departementet får i 2018, vil vise resultatata for 2014-kullet for bachelorkandidatar.

- *Delen masterkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*  
Delen studentar som gjennomfører utdanninga på normert tid, er for låg. Forseinkingar inneber betydelege kostnader for den enkelte studenten og bind ressursar ved institusjonane. Låg gjennomføring av utdanninga kan også vere ein indikator på dårleg kvalitet. Rapporteringa for 2017 som departementet får i 2018, vil vise resultatata for 2015-kullet for masterkandidatar.
- *Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)*  
Måltala som blei vedtatte i Meld. St. 30 (2008–2009) *Klima for forskning*, jf. Innst. S. nr. 354 (2008–2009), er ikkje nådd. Rapporteringa for 2017 som departementet får i 2018, vil vise resultatata for 2011-kullet.
- *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)*  
Studiebarometeret er ei nasjonal studentundersøking om studiekvalitet og gir uttrykk for korleis studentane vurderer kvaliteten i studieprogramma.
- *Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret - NOKUT)*  
Krav til studentane og engasjementet deira er blant faktorane som påverkar læringa til studentane. Skal studentane utnytte eige læringspotensial fullt ut, krev det at dei investerer tilstrekkeleg tid og energi i utdanninga.
- *Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)*  
Publiseringspoeng er eit uttrykk for både volum og kvalitet på publiseringa. I sektoren er det rom for betring, særleg med omsyn til kvaliteten i publikasjonane.
- *Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskringsrådet/NIFU)*  
Regjeringa har som mål at Noreg skal auke forskingssamarbeidet med EU. Det vil bidra til å auke kvaliteten i norsk forskning, styrke innovasjonsevna og verdiskapinga og gjere oss betre i stand til å møte store utfordringar i samfunnet.
- *Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)*  
EUs program for utdanning, ungdom og idrett, Erasmus+, er eit viktig verkemiddel for mobilitet og internasjonal erfaring. Det er for få studentar som reiser ut som del av utdanninga, og særleg er det få som reiser ut på Erasmus+-program.

### **Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling**

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskolar er sentrale i den økonomiske, kulturelle og sosiale utviklinga både regionalt og nasjonalt, og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskolar fylle denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, kunnskapsdeling og

kandidatar som bidrar til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

*Styringsparametrar:*

- *Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU)*  
Sysselsetting i relevant arbeid er ein indikator på om utdanninga er relevant for arbeidslivet. NIFU gjennomfører ei spørjeundersøking blant personar med mastergrad om lag eit halvt år etter at dei har fullført utdanninga. Undersøkinga blir gjennomført anna kvart år.
- *Bidragssinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)*  
Storleiken på inntekter frå Forskingsrådet er også ein indikator på kvalitet i forskinga.
- *Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)*  
Det er behov for sterkare koplingar mellom forskning, høgre utdanning og innovasjon. Det er potensial for meir samspel enn i dag som kan gi utslag i inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemd.
- *Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU)*  
MNT-faga har særleg betyding for framtidig verdiskaping og for å gjere det mogleg å oppretthalde velferdsnivået i Noreg. Det er eit mål å styrke forskingsinnsatsen i desse faga. NIFU gjennomfører denne undersøkinga anna kvart år.

### **Sektormål 3: God tilgang til utdanning**

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. God tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også tilbod om studiefinansiering og studentbustad, at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar, bruk av digitale læringsressursar og anna som gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgre utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgre utdanning, uansett kjønn, etnisk, sosial og økonomisk bakgrunn og bustad. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

*Styringsparameter:*

- *Kandidattal på helse- og lærarutdanningane, jf. måltal (DBH)*  
Dette er utdanningar der det er kritisk at institusjonane møter behova i samfunnet. Kandidatmåltala går fram av tabellen under kap. 2.3. Institusjonane kan sette høgre måltal på utdanningane enn det departementet har fastsett. For andre utdanningar sett institusjonen sjølv eventuelle kandidatmåltal.



### *Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem*

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og tilsvarande forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første sektormåla. Universitet og høgskolar forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, som bidrar til ein differensiert sektor med høg kvalitet, som møter behova på ulike område i samfunnet, og som bidrar til at vi kan hevde oss internasjonalt. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskolesektoren etter at strukturreforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen.

#### *Styringsparametrar:*

Styringsparametrane under dei tre første sektormåla vil også seie noko om måloppnåinga på dette målet, sidan sektormål 4 er eit tverrgåande mål som skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første sektormåla. Departementet har i tillegg sett desse styringsparametrane under sektormål 4:

- *Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)*  
Denne styringsparameteren sett saman med dei andre styringsparametrane under sektormål 1 og 2, gir indikasjonar på utviklinga i effektiviteten ved den enkelte institusjonen.
- *Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)*  
Kvinnedelen i professorstillingar har auka med ein pst. per år sidan 2001 og er no 27 pst. Det er nødvendig å halde oppe merkemda på området for å nå raskare resultat. Kvinnedelen i dosentstillingar har auka betydeleg dei siste åra og er no 40 pst.
- *Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)*  
Det er framleis for høg del mellombels tilsette i sektoren, særleg i undervisnings- og forskarstillingane. Styringsparameteren gjeld ikkje for private høgskolar.
- *Delen av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og bevart (DBH)*  
Tilfredsstillande sikring og bevaring av samlingane og objekta ved universitetsmusea er framleis ei utfordring.

## Mål

### 2.3 Kandidatmåltal for 2017

Departementet har kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kunnskapsdepartementet regulerer derfor talet på kandidatar i desse utdanningane. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Tabellen nedanfor viser kandidatmåltal for 2017 fordelt på utdanningar og institusjonar.

Institusjon	Helsefagutdanningane															Lærarutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Bioingeniørutd.	Døvetolkutd.	Ergoterapiutd	Klinisk ernæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof. utd.	Radiografutd.	Sjuepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnhagelærarutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærarutd.
Nord universitet	26						21							328			30	124	97	72		94	41	
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet																					20	56		
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	134	29	73	20	57			12	52	25	114	63	51	425			70	149	94	75	198		69	
Universitetet i Agder	25		20											203			35	113	65	43	28	103	28	
Universitetet i Bergen						24	25			156	45	80				30					28	123		
Universitetet i Oslo						32	55			192	62	104				20					109	265		
Universitetet i Stavanger	34													163				115	56	37	28	86	20	
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	50		20		20			25	25	20	84	32	31	24	261	12	64	106	67	63	50	124	25	
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole for logistikk														79			38							
Noregs idrettshøgskole																						30		
Noregs musikkhøgskole																						20		

Mål

Institusjon	Helsefagutdanningane																Lærerutdanningane								
	ABIOK- utd.	Audiografutd.	Bioingeniørutd.	Døvetolkutd.	Ergoterapiutd	Klinisk ernæringsfysiologi	Farmasiutd. BA	Farmasiutd. MA	Fysioterapiutd.	Jordmorutd.	Medisinutd.	Odontologiutd.	Psykologi prof.utd.	Radiografutd.	Sjkepleiarutd.	Tannteknikarutd.	Tannpleiarutd.	Vernepleiarutd.	Barnhagelærerutd.	GLU 1-7	GLU 5-10	Integrert, 5 år	PPU og PPU-Y	Faglærerutd.	Yrkesfaglærerutd.
Høgskolen i Hedmark	23													164		20		117	71	47		63	43		
Høgskolen i Lillehammer																	57								
Høgskolen i Oslo og Akershus	120		50	20	51		41		134	34			34	492	20		147	323	151	102		181	88	104	
Høgskolen i Sørøst-Noreg	51								20				20	336		20	45	232	138	86		190	68		
Høgskulen på Vestlandet	60		23					60	35				25	435			86	248	186	137		192	48		
Høgskulen i Volda																		59	43	29		60			
Høgskolen i Østfold	20		22											109			61	94	47	32		103			
Samisk høgskole																		2	2	2					
Kunsthøgskolen i Oslo																						13			
Barratt Due Musikk institutt – Høgskoleavdelingen og Unge talenter																						20			
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning																		215							
Høgskolen Diakonova	28													83											
Lovisenberg diakonale høgskole	48													151											
NLA Høgskolen																		57	34	23					
Rudolf Steinerhøgskolen																		20	20	20					
VID vitenskapelig høgskole	22				30									248			110								
<b>Sum</b>	<b>641</b>	<b>29</b>	<b>208</b>	<b>40</b>	<b>158</b>	<b>56</b>	<b>62</b>	<b>117</b>	<b>271</b>	<b>134</b>	<b>546</b>	<b>139</b>	<b>278</b>	<b>154</b>	<b>3 477</b>	<b>20</b>	<b>102</b>	<b>743</b>	<b>1 825</b>	<b>1 126</b>	<b>787</b>	<b>338</b>	<b>1 921</b>	<b>361</b>	<b>173</b>

### Kandidatmåltal for kunsthøgskolane

Departementet set måltal på kandidatar frå kunsthøgskolane, jf. tabellen nedanfor. Tabellen blir endra ved ein auke eller reduksjon i tildeling frå departementet til studieplassar. Ut over dette fastset institusjonen egne ambisjonar.

Institusjon	2016	2017
Kunsthøgskolen i Oslo	194	194 <sup>1</sup>
Kunst- og designhøgskolen i Bergen	110	110 <sup>2</sup>
Sum	304	304

### 2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskottsbrev, årsrapport, etatsstyringsmøte/dialogmøte og skriftleg tilbakemelding.

På bakgrunn av Stortingets behandling av statsbudsjettet sender departementet tildelings- og tilskottsbrev til institusjonane. Tildelings- og tilskottsbrev inneheld blant anna dei fire sektormåla og dei nasjonale styringsparametrane, tildelt løyving og krav til rapportering.

Universitet og statlege høgskolar skal innanfor den nasjonale målstrukturen og forventningane og prioriteringane til regjeringa, fastsette egne verksemdmål som er tilpassa eigarten/profilen, og skal utvikle egne strategiar og planar for å nå måla. Institusjonane skal legge mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring, til grunn for planlegging og oppfølging av

verksemda. Departementet har ikkje same styringsrolle overfor private høgskolar, men oppfordrar desse institusjonane til å arbeide på same måte.

Universitet og høgskolar skal levere ein årleg årsrapport til departementet. I *Årsrapporten* skal universitet og statlege høgskolar presentere eigen profil og mål for verksemda innanfor dei overordna sektormåla som er sett av departementet. Departementet forventar at også dei private høgskolane i rapporteringa til departementet viser kva profil og utviklingsstrategi dei har.

Hovudkapitlet i årsrapporten omfattar aktivitetar og resultat i budsjettåret. Kapitlet skal i hovudsak innehalde resultatrapportering på måla for verksemda og nasjonale styringsparametrar, og vurderingar av resultata og måloppnåinga.

Årsrapporten skal også innehalde planar som viser ambisjonsnivå og overordna prioriteringar.

Krav til årsrapporten ligg på:

<http://dbh.nsd.uib.no/dokumentasjon/rapporteringskrav/index.action>

---

<sup>1</sup> Institusjonen skal legge fram ein plan i *Årsrapporten* for å auke kandidatmålalet for PPU til 20 over ein periode på tre år og dermed auke totalt kandidatmåltal til 201, jf. tildelingsbrev for 2014.

<sup>2</sup> Kunst- og designhøgskolen i Bergen blir slåtte saman med Universitetet i Bergen frå 1. januar 2017.

Departementet analyserer resultatene i sektoren i tilstandsrapporten for universitets- og høgskolesektoren, som departementet utarbeider årleg.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til DBH utgjer hovudgrunnlaget for vurderinga departementet gjer av den enkelte institusjonen. Vurderinga som er basert på eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i *etatsstyringsmøta* og i den årlege, *skriftlege tilbakemeldinga* til den enkelte institusjonen. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følge opp tilbakemeldinga frå departementet.

Det er etablert ei eiga tilsynseining i departementet som fører kontroll med private høgskolar som mottar statstilskott. Eininga vil føre tilsyn med om høgskolane oppfyller krava som blir stilt i lov, forskrift og tilskottsbrev. For desse høgskolane vil praksisen bli endra. Departementet har også eit årleg *dialogmøte* med dei private institusjonane som mottar statstilskott.

### 3 Budsjett for universitet og høgskolar

Samla budsjettforslag på programkategori 07.60 Høgre utdanning og fagskoleutdanning utgjer 36,5 mrd. kroner i 2017. Av dette er det foreslått 34,4 mrd. kroner over kap. 260 Universitet og høgskolar, 747 mill. kroner over kap. 270 Internasjonal mobilitet og sosiale formål forstudentar, 108,5 mill. kroner over kap. 276 Fagskoleutdanning, 598,5 mill. kroner over kap. 280 Felles einingar og 594,9 mill. kroner over kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskolar.

Nedanfor er ei oppsummering av større budsjettendringar for universitet og høgskolar i forslaget til statsbudsjettet for 2017. Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar enkelt institusjon følger under kap. 3.3.

#### 3.1 Budsjettforslag for 2017 over kap. 260 på Kunnskapsdepartementets budsjett

Nedanfor følger ei oversikt over forslag til vesentlege budsjettendringar over kap. 260. Beløpa er avrunda til nærmaste 1 000 kroner<sup>3</sup>. Endringar på kap. 260 som følge av flytting av midlar til eller frå andre kapittel er ikkje med i denne oversikta.

	<i>i 1000 kroner</i>
80 nye rekrutteringsstillingar <sup>4</sup> (kap. 260 post 50 og 70)	32 053
Utvikling av kompletterande utdanningstilbod og 60 nye studieplassar til kompletterande utdanning (kap. 260 post 50)	4 490
Midlar til innføring av femårig grunnskolelærarutdanning (kap. 260 post 50)	150 000
Reduksjon knytt til digital post (kap. 260 post 50)	-15 290
Reduksjon i løyvingane til private høgskolar (kap. 260 post 70)	-10 000
Midlar til utstyr og inventar ved Universitetet i Bergen knytt til nybygg for tidlegare Kunst- og designhøgskolen i Bergen (kap. 260 post 50)	42 400
Midlar til utstyr og inventar til nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (kap. 260 post 50)	216 800
Huseleigemidlar til nybygg ved Universitetet i Bergen, tidlegare Kunst- og designhøgskolen i Bergen (kap. 260 post 50)	2 420
Huseleigemidlar til nytt teknologibygge ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, tidlegare Høgskolen i Sør-Trøndelag (kap. 260 post 50)	20 378

<sup>3</sup> Endringar som følge av konsekvensjusteringar av budsjettvedtak frå tidlegare år er i 2016-kroner, medan dei andre beløpa er i 2017-kroner, jf. budsjettendringstabellane i kap. 3.3.1 og 3.3.2. Tiltak som blei vedtatte i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2016, er konsekvensjusterte til 2017-kroner. Dette gjeld vidareføring av opptakskapasitet frå RNB 2016.

<sup>4</sup>I tillegg blir det foreslått tildelt midlar til 15 nye rekrutteringsstillingar til ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. over kap. 281 post 50 og midlar til 25 nye rekrutteringsstillingar til instituttsektoren over kap. 285 post 53 under programkategori 07.70 Forsking.

## Budsjettforslag 2017

Utfasing av utstyr og inventar til nytt teknologibygge ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, tidlegare Høgskolen i Sør-Trøndelag (kap. 260 post 50)	-68 600
Vidareføring av auka opptakskapasitet frå RNB 2012 (kap. 260 post 50)	13 105
Vidareføring av auka opptakskapasitet frå 2014 (kap. 260 post 50)	20 903
Vidareføring av auka opptakskapasitet frå RNB 2015 (kap. 260 post 60 og 70)	37 956
Vidareføring av auka opptakskapasitet frå 2016 (kap. 260 post 50 og 70)	70 334
Vidareføring av auka opptakskapasitet frå RNB 2016 (kap. 260 post 50 og 70)	66 815
Vidareføring av rekrutteringsstillingar frå 2016 (kap. 260 post 50 og 70)	255 621
Reduksjon (0,5 pst.) knytt til avbyråkratisering og effektivisering (kap. 260 post 50 og 70)	-163 118

### 3.2 Budsjettforslag for 2017 til universitets- og høgskolebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskolesektoren. Oversikta viser anslag for utbetalingar for kvart byggeprosjekt i 2017. Beløpa er i 2017-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Prosjektering av nytt bygg for Odontologisk fakultet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30)	10 000
Prosjektering av nybygg for Tromsø museum ved Universitetet i Tromsø – dNoregs arktiske universitet (kap. 530 post 30)	5 000
Prosjektering av nytt bygg for livsvitskap, farmasi og kjemi ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30)	10 000
Prosjektering av nybygg for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30)	41 000
Prosjektering av nybygg for helse- og sosialfag ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 2445 post 30)	5 000
Vidareføring av fase to av rehabiliteringsprosjekt for Universitetsmuseet i Bergen ved Universitetet i Bergen (kap. 530 post 31)	137 000
Vidareføring av byggeprosjekt for samlokaliseringssprosjektet for kunst- og designmiljøa ved Universitetet i Bergen (kap. 2445 post 33)	160 000
Vidareføring av byggeprosjekt for rehabilitering av bygg ved Noregs idrettshøgskole (kap. 530 post 33)	260 000
Vidareføring av byggeprosjekt for nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (kap. 530 post 33)	470 000
Vidareføring av byggeprosjekt for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 33)	1 633 000

Midlar til utstyr og inventar for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 45)	42 000
--	--------

---

I 2017 blir følgande kurantprosjekt som er under gjennomføring førte vidare:

- nytt studenthus ved Høgskolen i Sørøst-Noreg, campus Porsgrunn
- simuleringssenter ved Høgskolen i Sørøst-Noreg, campus Porsgrunn
- byggetrinn 6A ved Nord universitet, campus Bodø
- nytt bygg for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, campus Gjøvik
- tilbygg, Gimlemoen 46, Universitetet i Agder

I tillegg kjem kurantprosjekta som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2016 eller i 2017. Byggeprosjekt innanfor kurantordninga blir realiserte over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 2445.



### 3.3 Budsjettforslag per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2016 til 2017 i budsjett-rammene for dei enkelte universiteta og statlege høgskolane over kap. 260 post 50 og for dei enkelte private høgskolane over kap. 260 post 70. For institusjonar som har fusjonert i perioden f.o.m. januar 2016 t.o.m. januar 2017, er endringar i løyving slått saman under nytt institusjons-namn<sup>5</sup>.

I tillegg til budsjettendringane som er presenterte i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2, foreslår regjeringa nye midlar til innføring av femårig grunnskolelærarutdanning. Sjå omtale under kap. 3.3.4. Vidare foreslår regjeringa å føre vidare midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar og midlar til oppgradering av bygg. Sjå omtale under kap. 3.3.5.

Tabellane med budsjettendringar per institusjon er bygde opp som følger:

Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2016* som er løyving/tilskott per institusjon i endeleg tildelingsbrev/tilskottsbrev for 2016.

*Konsekvensjusteringar* er vidareføring og opptrapping eller utfasing av midlar som følge av tidlegare budsjettvedtak i Stortinget, målt i 2016-kroner. Konsekvensjusteringsbeløpa omfattar blant anna budsjetteffekt av nye studieplassar, rekrutteringsstillingar, husleigekompensasjon, midlar til utstyr og inventar og utfasing av eingongsmidlar. I denne kolonnen inngår reduksjon på 0,5 pst. som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.

Saldert budsjett 2016 og konsekvensjusteringane blir deretter justerte med anslått pris- og lønnsauke frå 2016 til 2017. Dette er vist i kolonnen *Justering for pris- og lønnsauke*.

Kolonnen *Nye rekrutteringsstillingar* viser budsjetteffekten i 2017-kroner for nye rekrutteringsstillingar som blir oppretta i 2017. Sjå kap. 3.3.3 for oversikt over rekrutteringsstillingar per institusjon.

Kolonnen *Andre endringar* viser budsjetteffekten i 2017-kroner av tiltak med verknad for enkelte institusjonar, jf. forklaringane for den enkelte institusjonen. I denne kolonnen inngår reduksjon som følge av gevinstar ved overgangen til digital post for universitet og høgskolar.

---

<sup>5</sup> Frå 1. januar 2016 er Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Høgskolen i Gjøvik, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Ålesund slåtte saman til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Frå 1. januar 2016 er Universitetet i Nordland, Høgskolen i Nesna og Høgskolen i Nord-Trøndelag slåtte saman til Nord universitet. Frå 1. januar 2016 er Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, Høgskolen i Harstad og Høgskolen i Narvik slåtte saman til Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. Frå 1. januar 2016 er Høgskolen i Buskerud og Vestfold og Høgskolen i Telemark slåtte saman til Høgskolen i Sør-aust-Noreg. Frå 1. januar 2016 er Diakonhjemmet Høgskole, Misjonhøgskolen, Høgskolen Betanien og Haraldsplass diakonale høgskole slåtte saman til VID vitenskapelig høgskole. Frå 1. januar 2017 blir Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund slåtte saman til Høgskulen på Vestlandet. Frå 1. januar 2017 blir Kunst- og designhøgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen slåtte saman til ein institusjon under namnet Universitetet i Bergen.

Kolonnane under *Resultatbasert utteljing* viser budsjetteffekten som følge av endringar i finansieringssystemet for universitet og høøgskolar. Første kolonne viser resultatbasert utteljing i 2016 som er trekt ut av ramma til institusjonane. Midlane er i 2016-kroner. Kolonnen viser også uttrekk i basisdelen til ny BOA-indikator i justert finansieringssystem. Andre kolonne viser resultatbasert utteljing i justert system i 2017-kroner. Kap. 4.2 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i denne kolonnen.

*Budsjettforslag for 2017* er saldert budsjett for 2016 justert for endringane i kolonnane som følger etter kolonnen *Saldert budsjett 2016*.

3.3.1 Universitet og statlege høgskolar (kap. 260 post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2016 til 2017 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Saldert budsjett 2016 <sup>6</sup>	Basis				Resultatbasert utteljing		Budsjettforslag 2017
		Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>7</sup>	Nye rekrutteringsstillingar	Andre budsjettendringar	Uttrekk som følge av endringar i finansierings-systemet <sup>8</sup>	Utteljing som følge av endringar i finansierings-systemet <sup>9</sup>	
Nord universitet	1 254 217 333	25 949 333	25 074 000	2 003 000	-1 007 000	-372 332 000	379 283 489	<b>1 313 188 155</b>
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	1 183 530 000	-38 863 667	23 293 000	801 000	-371 000	-380 948 000	406 783 071	<b>1 194 224 404</b>
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	5 915 005 000	-16 023 835	115 738 000	6 812 000	3 122 500	-2 008 950 000	2 100 768 150	<b>6 116 471 815</b>
Universitetet i Agder	1 202 849 000	33 674 499	24 234 000	2 003 000	6 141 500	-396 320 000	409 364 081	<b>1 281 946 080</b>
Universitetet i Bergen	3 194 355 000	25 509 501	63 746 000	2 404 000	17 472 500	-931 162 000	1 014 877 396	<b>3 387 202 397</b>
Universitetet i Oslo	5 173 147 000	-35 095 500	101 551 000	2 404 000	7 971 500	-1 613 818 000	1 680 714 803	<b>5 316 874 803</b>
Universitetet i Stavanger	1 283 837 000	39 172 167	25 930 000	2 003 000	12 207 500	-400 047 000	420 555 976	<b>1 383 658 643</b>
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	2 925 482 000	243 272 002	62 165 000	1 603 000	-1 717 000	-708 774 000	769 527 940	<b>3 291 558 942</b>
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	167 306 000	-825 000	3 265 000		-14 000	-62 232 000	65 374 498	<b>172 874 498</b>
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk	198 320 000	-292 000	3 884 000		567 500	-67 045 000	70 486 769	<b>205 921 269</b>
Noregs handelshøgskole	420 995 000	-2 077 000	8 216 000		-471 000	-147 747 000	159 752 810	<b>438 668 810</b>

<sup>6</sup> Saldert budsjett 2016 inkluderer midlar til nye rekrutteringsstillingar som blei tildelte i løpet av 2016.

<sup>7</sup> Pris- og lønnsauke for midlar i basisdelen. Resterande midlar til pris- og lønnsauke er inkluderte i resultatbasert utteljing i justert system, jf. kolonne *Utteljing som følgje av endringar i finansieringssystemet*.

<sup>8</sup> Uttrekk av resultatbasert utteljing i rammeløyvinga i 2016. Desse midlane er i 2016-kroner. Midlane er trekte ut av budsjettamma og refordelte til institusjonane i justert finansieringssystem. I tillegg inkluderer kolonnen uttrekk i basis på totalt om lag 300 mill. kroner til ny BOA-indikator i justert finansieringssystem. Sjå òg kap. 4.2.4 for nærmare omtale av desse midlane.

<sup>9</sup> Totalt utgjer resultatbasert utteljing om lag 10,7 mrd. kroner for private og statlege institusjonar. Sjå kap. 4.2.4.2 og kap. 4.2.4.3 for nærmare omtale av fordeling av midlane på open og lukka ramme. Kolonnen inkluderer også ei justering av budsjetteffektane som følge av endringane i finansieringssystemet. Sjå kap. 4.2.4.4.

Budsjettforslag 2017

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2016 til 2017 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Saldert budsjett 2016 <sup>6</sup>	Basis				Resultatbasert utteljing		Budsjettforslag 2017
		Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>7</sup>	Nye rekrutteringsstillingar	Andre budsjettendringar	Uttrekk som følge av endringar i finansierings-systemet <sup>8</sup>	Utteljing som følge av endringar i finansierings-systemet <sup>9</sup>	
Noregs idrettshøgskole	253 470 000	-1 250 000	4 947 000		-251 000	-52 024 000	58 616 817	<b>263 508 817</b>
Noregs musikkhøgskole	252 460 000	-1 245 000	4 927 000		-54 000	-63 856 000	63 916 063	<b>256 148 063</b>
Høgskolen Hedmark	585 054 000	-151 000	11 448 000	1 603 000	-2 252 000	-215 832 000	223 642 411	<b>603 512 411</b>
Høgskolen i Lillehammer	404 320 000	-1 308 000	7 904 000	1 603 000	-90 000	-174 202 000	162 074 798	<b>400 301 798</b>
Høgskolen i Oslo og Akershus	2 115 133 000	13 083 666	41 696 000	2 003 000	11 715 000	-677 142 000	701 282 301	<b>2 207 770 967</b>
Høgskolen i Sørøst-Noreg	1 641 337 000	19 538 333	32 301 000	2 003 000	1 828 000	-545 844 000	556 734 514	<b>1 707 897 847</b>
Høgskulen på Vestlandet	1 702 195 666	23 316 501	33 851 000	3 205 000	10 296 500	-518 155 000	535 724 045	<b>1 790 433 712</b>
Høgskulen i Volda	321 953 333	-36 333	6 283 000		298 500	-115 898 000	121 036 027	<b>333 636 527</b>
Høgskolen i Østfold	587 539 000	519 000	11 656 000		998 000	-179 667 000	180 704 739	<b>601 749 739</b>
Samisk høgskole	80 973 668	378 333	1 588 000		-25 000	-6 148 000	7 171 222	<b>83 938 223</b>
Kunsthøgskolen i Oslo	330 037 000	-1 628 000	6 440 000		-72 000	-1 800 000	494 116	<b>333 471 116</b>

## Forklaringar på foreslåtte endringar for universitet og statlege høgskolar

### Nord universitet

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 2 070 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 2 940 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 27 276 333 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 6 337 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 2 003 000 kroner til fem nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 1 007 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 568 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 810 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 2 190 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 5 455 333 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 8 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til nybygg SEARCH ved NMBU Høyland. Reduksjon på 35 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til oppgradering av kontorfløy i TF-kvartalet. Reduksjon på 5 887 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 801 000 kroner til to nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 371 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 840 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2011. Auke på 4 455 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 3 102 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 5 722 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 11 085 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 38 966 665 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Auke på 20 378 000 kroner i midlar til husleige for nytt teknologibbygg. Reduksjon på 5 000 000 kroner av midlane til planlegging av campus NTNU. I tillegg er det foreslått 11,2 mill. kroner over kap. 281 post 01. Reduksjon på 68 600 000 kroner som følge av utfasing av midlar til utstyr og inventar til nytt teknologibbygg. Reduksjon på 29 253 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 6 812 000 kroner til 17 nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 5 602 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 2 480 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Universitetet i Agder

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 405 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 285 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 3 240 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 5 474 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 30 393 999 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 6 124 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 2 003 000 kroner til fem nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 6 847 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 706 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Universitetet i Bergen

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 2 240 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 3 622 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 6 910 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 14 028 001 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Auke på 42 400 000 kroner til utstyr og inventar til samlokaliseringsbygget ved tidlegare KhiB. Auke på 2 420 000 kroner i midlar til husleige for nybygg ved tidlegare KhiB. Reduksjon på 30 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til oppgradering av Realfagsbygget. Reduksjon på 16 111 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 2 404 000 kroner til seks nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 14 317 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Auke på 5 036 000 kroner som følge av flytting av løyvinga til drift av Skeivt arkiv frå Kulturdepartementet. Reduksjon på 1 881 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Universitetet i Oslo

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 840 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2011. Auke på 3 920 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 862 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 6 245 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 18 704 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 40 000 000 kroner som følge av utfasing av midlar til oppgradering av Niels Treschows hus. Reduksjon på 25 667 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 2 404 000 kroner til seks nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 3 112 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Auke på 7 313 000 kroner som følge av flytting av løyvinga til Det praktisk-teologiske seminar med 6 673 000 kroner frå Kulturdepartementet og

640 000 kroner fra Arbeids- og sosialdepartementet. Reduksjon på 2 454 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Universitetet i Stavanger

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 405 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 2 310 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 3 585 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 5 134 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 34 290 667 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 6 553 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 2 003 000 kroner til fem nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 12 242 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Auke på 310 000 kroner som følge av flytting av løyvinga til det medisinske biblioteket frå Helse Stavanger. Reduksjon på 345 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 680 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2012. Auke på 8 934 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 3 060 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 9 800 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 18 704 002 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Auke på 216 800 000 kroner til utstyr og inventar til nybygg for medisin og helsefag (MH2). Reduksjon på 15 706 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 1 603 000 kroner til fire nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 1 717 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 825 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 14 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 690 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Reduksjon på 982 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Auke på 622 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 55 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.



### Noregs handelshøgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 2 077 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 471 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Noregs idrettshøgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 1 250 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 251 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Noregs musikkhøgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 1 245 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 54 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Hedmark

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 405 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 2 338 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 2 894 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 1 603 000 kroner til fire nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 2 000 000 kroner som følge av flytting av løyvinga til Biosmia, senter for marknadsdrevne bioinnovasjon, til Landbruks- og matdepartementet. Reduksjon på 252 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Lillehammer

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 690 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Reduksjon på 1 998 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 1 603 000 kroner til fire nye rekrutteringsstillingar
- **Andre endringar:** Reduksjon på 90 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Oslo og Akershus

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 810 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 7 225 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på



15 586 666 kroner som følge av nye rekrutteringsstillinger i 2016. Reduksjon på 10 538 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.

- **Nye rekrutteringsstillinger:** Auke på 2 003 000 kroner til fem nye rekrutteringsstillinger.
- **Andre endringer:** Auke på 2 490 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Auke på 10 336 000 kroner som følge av flytting av løyvinga til Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) frå Klima- og miljødepartementet. Reduksjon på 1 111 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Sørøst-Noreg

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 2 634 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 2 940 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 3 750 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 18 347 33 kroner som følge av nye rekrutteringsstillinger i 2016. Reduksjon på 8 133 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Nye rekrutteringsstillinger:** Auke på 2 003 000 kroner til fem nye rekrutteringsstillinger.
- **Andre endringer:** Auke på 2 490 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 662 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskulen på Vestlandet

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 2 070 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2014. Auke på 7 378 500 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 3 750 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 18 704 001 kroner som følge av nye rekrutteringsstillinger i 2016. Reduksjon på 8 586 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Nye rekrutteringsstillinger:** Auke på 3 205 000 kroner til åtte nye rekrutteringsstillinger.
- **Andre endringer:** Auke på 10 997 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 701 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskulen i Volda

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 558 667 kroner som følge av nye rekrutteringsstillinger i 2016. Reduksjon på 1 595 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Auke på 622 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 324 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Høgskolen i Østfold

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 120 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 2 338 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 2 939 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Auke på 1 245 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 247 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Samisk høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 779 333 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 401 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 25 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

### Kunsthøgskolen i Oslo

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 1 628 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 72 000 kroner som følge av gevinstar ved overgangen til digital post.

3.3.2 Private høgskolar (kap. 260 post 70)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2016 til 2017 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Saldert budsjett 2016	Basis				Resultatbasert utteljing		Budsjettforslag 2017
		Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>10</sup>	Nye rekrutteringsstillingar	Andre budsjettendringar	Uttrekk som følger av endringar i finansieringssystemet <sup>11</sup>	Utteljing som følge av endringar i finansieringssystemet <sup>12</sup>	
Det teologiske Menighetsfakultet	81 034 000	-401 000	1 273 000	401 000	-627 000	-42 363 000	45 651 507	<b>84 968 507</b>
Handelshøgskolen BI	277 504 000	178 667	4 382 000	401 000	-2 160 000	-134 819 000	157 410 390	<b>302 897 057</b>
VID vitenskapelige høgskole	241 964 000	4 635 667	3 892 000	801 000	-675 000	-115 860 000	119 378 681	<b>254 136 348</b>
Ansgar Teologiske Høgskole	14 736 000	-73 000	231 000		-114 000	-7 269 000	7 218 188	<b>14 729 188</b>
Barratt Due musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	24 857 000	-123 000	390 000		-192 000	-6 667 000	6 998 700	<b>25 263 700</b>
Bergen Arkitekt høgskole	15 926 000	-79 000	250 000		-123 000	-10 757 000	11 908 900	<b>17 125 900</b>
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	116 081 000	201 333	1 835 000		-905 000	-42 151 000	42 965 878	<b>118 027 211</b>
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	9 736 000	-48 000	153 000		-75 000	-4 396 000	4 589 746	<b>9 959 746</b>
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2 315 000	-11 000	37 000		-18 000	-653 000	928 259	<b>2 598 259</b>
Høyskolen Diakonova	49 725 000	97 000	786 000		233 500	-22 863 000	22 799 969	<b>50 778 469</b>

<sup>10</sup> Pris- og lønnsauke for midlar i basisdelen. Resterande midlar til pris- og lønnsauke er inkluderte i resultatbasert utteljing i justert system, jf. kolonne *Utteljing som følge av endringar i finansieringssystemet*.

<sup>11</sup> Uttrekk av resultatbasert utteljing i rammeløyvinga i 2016. Desse midlane er i 2016-kroner. Midlane er trekte ut av budsjetttramma og refordelte til institusjonane i justert finansieringssystem. I tillegg inkluderer kolonnen uttrekk i basis på totalt om lag 300 mill. kroner til ny BOA-indikator i justert finansieringssystem. Sjå òg kap. 4.2.4 for nærmare omtale av desse midlane.

<sup>12</sup> Totalt utgjer resultatbasert utteljing om lag 10,7 mrd. kroner for private og statlege institusjonar. Sjå kap. 4.2.4.2 og kap. 4.2.4.3 for nærmare omtale av fordeling av midlane på open og lukka ramme. Kolonnen inkluderer også ei justering av budsjetteffektane som følge av endringane i finansieringssystemet. Sjå kap. 4.2.4.4.

Budsjettforslag 2017

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2016 til 2017 (i 1 000 kroner)

Institusjon	Saldert budsjett 2016	Basis				Resultatbasert utteljing		Budsjettforslag 2017
		Konsekvensjusteringar	Justering for pris- og lønnsauke <sup>10</sup>	Nye rekrutteringsstillingar	Andre budsjettendringar	Uttrekk som følger av endringar i finansierings-systemet <sup>11</sup>	Utteljing som følge av endringar i finansierings-systemet <sup>12</sup>	
Høyskole for Ledelse og Teologi	10 367 000	-51 000	163 000		-80 000	-7 751 000	7 379 356	<b>10 027 356</b>
Høyskolen Kristiania	55 963 000	-277 000	879 000		-433 000	-52 539 000	58 313 485	<b>61 906 485</b>
Lovisenberg diakonale høgskole	85 299 000	951 000	1 361 000		-48 500	-33 383 000	32 709 772	<b>86 889 272</b>
NLA Høgskolen	153 971 000	2 371 000	2 468 000		2 519 000	-59 083 000	66 191 723	<b>168 437 723</b>
Norges Dansehøyskole	9 966 000	-49 000	157 000		-77 000	-8 993 000	9 374 714	<b>10 378 714</b>
Rudolf Steinerhøyskolen	11 546 000	-57 000	182 000		-89 000	-5 310 000	5 681 478	<b>11 953 478</b>
Westerdals Høyskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology	116 869 000	197 333	1 848 000		-8 765 000	-11 878 000	13 845 113	<b>112 116 446</b>

## Forklaringar på foreslåtte endringar for private høgskolar

### Det teologiske Menighetsfakultet

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 401 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 401 000 kroner til ei ny rekrutteringsstilling.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 627 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Handelshøyskolen BI

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 558 667 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 1 380 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 401 000 kroner til ei ny rekrutteringsstilling.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 2 160 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### VID vitenskapelige høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 345 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Auke på 1 620 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 3 896 667 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 1 226 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Nye rekrutteringsstillingar:** Auke på 801 000 kroner til to nye rekrutteringsstillingar.
- **Andre endringar:** Auke på 1 245 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 1 920 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Ansgar Teologiske Høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 73 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 114 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Barratt Due musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 123 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 192 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Bergen Arkitekt høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 79 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.

- **Andre endringer:** Reduksjon på 123 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 779 333 kroner som følge av ny rekrutteringsstilling i 2016. Reduksjon på 578 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Reduksjon på 905 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Fjellhaug Internasjonale Høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 48 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Reduksjon på 75 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Høgskolen Kristiania

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 277 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Reduksjon på 433 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Høgskolen Diakonova

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 345 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Reduksjon på 248 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Auke på 622 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 389 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere arbeidet med tilsyn av private høyskolar.

### Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 11 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Reduksjon på 18 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Høgskolen for Ledelse og Teologi

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 51 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentlig sektor.
- **Andre endringer:** Reduksjon på 80 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høyskolar.

### Lovisenberg diakonale høgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 1 380 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2015. Reduksjon på 429 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Auke på 622 500 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 671 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### NLA Høgskolen

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 810 000 kroner som følge av nye studieplassar i 2016. Auke på 2 338 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2016. Reduksjon på 777 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Auke på 3 735 000 kroner som følge av nye studieplassar i RNB 2016. Reduksjon på 1 216 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Norges Danseshøgskole

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 49 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 77 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Rudolf Steinerhøgskolen

---

- **Konsekvensjusteringar:** Reduksjon på 57 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
- **Andre endringar:** Reduksjon på 89 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere tilsyn av private høgskolar.

### Westerdals Høgskole – Oslo School of Arts, Communication and Technology

---

- **Konsekvensjusteringar:** Auke på 779 333 kroner som følge av ny rekrutteringsstilling i 2016. Reduksjon på 582 000 kroner som følge av tiltaket for å redusere byråkrati i og effektivisere offentleg sektor.
  - **Andre endringar:** Reduksjon på 7 854 000 kroner, som svarer til det som er tildelt i tilskott på urettmessig grunnlag. Reduksjon på 911 000 kroner som følge av tiltaket for å etablere arbeidet med tilsyn av private høgskolar.
-

### 3.3.3 Rekrutteringsstillinger

Regjeringa foreslår midlar til totalt 120 nye rekrutteringsstillinger i 2017. Dette er ei oppfølging av Meld St. 7 (2014-2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015-2024*.

Departementet foreslår å tildele midlar til 80 av dei nye rekrutteringsstillingane til universitet og høgskolar over kap. 260 post 50 og post 70. Midlane til desse stillingane blir tildelte miljø innanfor realfag, teknologi, profesjonsfag og IKT-sikkerheit. Midlar til 25 av stillingane blir tildelte til instituttsektoren over kap. 285 post 53. Midlar til 15 stillingar blir tildelte ordningane for nærings-ph.d og offentleg sektor ph.d. gjennom Noregs forskingsråd over kap. 281 post 50. Staten finansierer stipendiatstillinger innanfor ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d. med halv sats. Midlane gir dermed rom for nye 30 stipendiatar innanfor desse ordningane.

Alle stillingane får ein tredel budsjettverknad i 2017 og heil budsjettverknad frå og med 2018.

Tabellen nedanfor gir oversikt over rekrutteringsstillinger over kap. 260 post 50 og post 70 til universitet og høgskolar. Satsen per ny rekrutteringsstilling er 1 202 000 kroner.

Institusjon	Nye rekrutteringsstillinger i 2017			Rekrutterings- stillinger totalt
	Realfag/ teknologi	Realfag/teknologi og profesjonsfag	IKT- sikkerheit	
Nord universitet		5		111
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	2			164
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	13		4	767
Universitetet i Agder		5		134
Universitetet i Bergen	4		2	564
Universitetet i Oslo	4		2	936
Universitetet i Stavanger		5		161
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	4			361
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo				15
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk				18
Noregs handelshøgskole				70
Noregs idrettshøgskole				33
Noregs musikkhøgskole				15
Høgskolen Hedmark		4		31
Høgskolen i Lillehammer		4		26
Høgskolen i Oslo og Akershus		5		83
Høgskolen i Sør-aust-Noreg		5		104
Høgskolen på Vestlandet		8		89
Høgskolen i Volda				17
Høgskolen i Østfold				19
Samisk høgskole				8



Institusjon	Nye rekrutteringsstillinger i 2017			Rekrutterings- stillinger totalt
	Realfag/ teknologi	Realfag/teknologi og profesjonsfag	IKT- sikkerheit	
Det teologiske Menighetsfakultet		1		21
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning				3
Handelshøgskolen BI		1		34
Lovisenberg diakonale høgskole				1
NLA Høgskolen				8
VID vitenskapelige høgskole		2		23
Westerdals Høgskole – Oslo School of Art, Communication and Technology				1
Sum	27	45	8	3 817

### 3.3.4 Midlar til innføring av femårig grunnskolelærerutdanning

Regjeringa foreslår ein auke på 150 mill. kroner på kap. 260 i 2017 for å sikre god implementering av femårig grunnskolelærerutdanning på mastergradsnivå. I tillegg foreslår departementet å føre vidare 37,6 mill. kroner over kap. 281 post 01 til å følge opp *Lærerløftet*. Midlane skal gå til tettare oppfølging av studentane, auke samarbeid med yrkesfeltet, styrka kompetanse til dei tilsette, meir forskingsbasert utdanning, bruk av IKT i undervisninga og auke internasjonalisering. Kunnskapsdepartementet vil komme tilbake til fordeling av desse midlane til institusjonane.

### 3.3.5 Vidareføring av midlar

Departementet foreslår å føre vidare 150 mill. kroner til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar og 75 mill. kroner til oppgradering av bygg ved sølvforvaltande institusjonar. Departementet kommer tilbake til fordeling av desse midlane.

## 3.4 Nye studieplassar, vidareføring og opptrapping av studieplasstildelingar frå tidlegare år

Dette kapitlet viser endringar i studieplassar som påverkar rammeløyvinga til institusjonane. Ein studieplass er definert som 60 studiepoeng (SPE) og svarar til ein heiltidsekvivalent.

Utdanningane er fordelt på seks kategoriar, A-F<sup>13</sup> som har kvar sine satsar. Dersom departemente tildeler midlar til nye studieplassar, trekker tilbake eller flyttar midlar til studieplassar, justerer departementet basismidlane til institusjonen tilsvarende satsen for den aktuelle utdanninga. Satsane for studieplassar i basisdelen er førte vidare frå 2016 og prisjusterte til 2017-kroner, sjå tabellen på neste side.

*Satsar i basis for ein studieplass 2017 (tal i kroner)*

<sup>13</sup> Sjå kap. 4.2.2.1 for nærmare oversikt over plassering av utdanningar i kategoriar.

Kategori	Utdanning	Studieplass (60-studiepoengseining)
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	230 000
Kategori B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	176 000
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	116 000
Kategori D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	86 000
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	69 000
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	57 000

Den resultatbaserte uttellinga for studiepoeng og kandidatar følger andre satsar og blir tildelt etter at studiepoeng er avlagt, kandidatane er uteksaminerte og institusjonen har rapportert inn talet på studiepoeng og kandidatar, jf. kap. 4.2.2.2.

Kunnskapsdepartementet vil følge opp at institusjonane dimensjonerer det totale studietilbodet i samsvar med tildelte basismidlar til nye studieplassar, og at nye studieplassar kjem i tillegg til allereie eksisterande studieplassar.

Kunnskapsdepartementet forventar ein auke i talet på studieplassar i sektoren som følge av tildeling av midlar til nye studieplassar. Kunnskapsdepartementet forventar vekst i talet på studieplassar i sektoren som følge av vidareføring og opptrapping med nye kull av studieplasstildelingar i 2012, 2014, 2015 og 2016.

### 3.4.1 Nye studieplassar i 2017

Kunnskapsdepartementet foreslår 2,5 mill. kroner til 60 nye studieplassar til kompletterande utdanning for flyktningar. I tillegg foreslår departementet 2 mill. kroner til utvikling av studietilbod i kompletterande utdanning. Departementet vil komme tilbake til fordeling av desse midlane.

### 3.4.2 Vidare oppbygging av studieplassar oppretta i 2012, 2014, 2015 og 2016

Dette kapitlet presenterer tabellar over studieplassar (målt i SPE) på fleirårige utdanningar som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Tildelte studieplassar som er ferdig oppbygde i 2016, men som inneber auka løyving òg første halvår i 2017, er ikkje med i tabellane. Det gjeld studieplassar til:

- seksårig profesjonsutdanning innanfor psykologi vedtatt i statsbudsjettet for 2011
- femårig integrert lærarutdanning og teknologisk utdanning vedtatt i revidert nasjonalbudsjett for 2012
- treårig utdanning innanfor ingeniør, rettsvitskap, internasjonal beredskap og i utøvande tradisjonelt bygghandverk vedtatt i statsbudsjettet for 2014
- toårig utdanning innanfor informatikk, brannsikkerheit og profesjonsutdanning innanfor juss vedtatt i statsbudsjettet for 2015

Løyving som følge av vidareføring og budsjetteffekt for siste år i 2016 og første halvår i 2017 inngår i kolonnen *Konsekvensjusteringar* i tabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2.

### Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2012

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom revidert nasjonalbudsjett 2012.

#### *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2012*

Institusjon	Helsefagutd.		Studieplassar per institusjon
	Medisin, Kat A, 6 år	Psykologi profesjonsutdanning Kat. B, 6 år	
Universitetet i Bergen	10		10
Universitetet i Oslo	10	10	20
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet		10	10
SUM	20	20	40

### Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2014

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom statsbudsjettet for 2014.

#### *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2014*

Institusjon	Bachelor ingeniør, Kat. E, 4 år	Bachelor og master ingeniør, Kat. D, 3+2 år	Master teknologi, Kat. D, 5 år	Medisin, Kat. A, 6 år	Veterinær, Kat. A, 5 år	Strategiske studieplassar, Kat. D, 4 år	Studieplassar per institusjon
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet					7		7
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet		30					30
Universitetet i Stavanger			25				25

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2014*

Institusjon	Bachelor ingeniør, Kat. E, 4 år	Bachelor og master ingeniør, Kat. D, 3+2 år	Master teknologi, Kat. D, 5 år	Medisin, Kat. A, 6 år	Veterinær, Kat. A, 5 år	Strategiske studieplassar, Kat. D, 4 år	Studieplassar per institusjon
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	60			6			66
Høgskolen i Sørøst-Noreg						24	24
<b>SUM</b>	60	30	25	6	7	24	152

**Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2015**

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom statsbudsjettet for 2015.

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2015*

Institusjon	Arkivfagutdanning, Kat. F, 3 år	Studieplassar per institusjon
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	40	40
<b>SUM</b>	40	40

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom revidert nasjonalbudsjett 2015

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i RNB 2015*

Institusjon	Bachelor ingeniør, Kat. E, 3 år	Strategiske studieplassar MNT-fag, Kat. D, 4 år	Master i teknologi, Kat. D, 5 år	Bioingeniør prof. utd., Kat. D, 3 år	Fysioterapiutd., Kat. D, 3 år	Tannpleieutd., Kat. D, 3 år	Master fiskehelseutd., Kat. C, 5 år	Sykepleieutd., Kat. E, 3 år	Vernepleie. Kat. E, 3 år	Klinisk ernærings- fysiologi, Kat. D, 5 år	Bachelor internasjonal- beredskap, Kat. E, 3 år	Strategiske studieplassar, ikke fagfordelt, Kat. D, 4 år	Studieplassar per institusjon
Nord universitet								30					30
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet		10											10
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet		20	40										60
Universitetet i Agder		20										20	40
Universitetet i Bergen							15						15
Universitetet i Stavanger		20						5				20	45
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet					10					15	15		40
Høgskolen i Molde, vitenskapelig høgskole for logistikk									10				10
Høgskolen i Hedmark						5							5
Høgskolen i Lillehammer									10				10
Høgskolen i Oslo og Akershus		10											10
Høgskolen i Sørøst-Noreg		15						10	15				40

Vidare oppbygging som følge av studieplassestildelingar i RNB 2015

Institusjon	Bachelor ingeniør, Kat. E, 3 år	Strategiske studieplassar MNT-fag, Kat. D, 4 år	Master i teknologi, Kat. D, 5 år	Bioingeniør prof. utd., Kat. D, 3 år	Fysioterapiutd., Kat. D, 3 år	Tannpleieutd., Kat. D, 3 år	Master fiskehelseutd., Kat. C, 5 år	Sykepleieutd., Kat. E, 3 år	Vernepleie. Kat. E, 3 år	Klinisk ernærings- fysiologi, Kat. D, 5 år	Bachelor internasjonal- beredskap, Kat. E, 3 år	Strategiske studieplassar, ikke fagfordelt, Kat. D, 4 år	Studieplassar per institusjon
Høgskulen på Vestlandet	24	30		20	10								84
Høgskolen Diakonova								5					5
VID vitenskapelige høgskole								5					5
Lovisenberg diakonale høgskole								20					20
Sum	24	125	40	20	20	5	15	75	35	15	15	40	429

**Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2016**

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom statsbudsjettet for 2016.

*Vidare oppbygging av studieplasstildelingar i 2016*

Institusjon	Medisin, Kat. A, 6 år	Psykologi, Kat. B, 6 år	Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), Kat. D, 1 år	Bachelor informatikk, Kat. E, 3 år	Master informatikk, Kat. C, 2 år	Scenografi, Kat. A, 2 år	Bachelor landskaps-arkitekt, Kat. B, 3 år	Master landskapsarkitekt, Kat. B, 2 år	Strategiske studieplassar, Kat. D, 3 år	Strategiske studieplassar, Kat. C, 2 år	Studieplassar per institusjon
Nord universitet			10						15	15	40
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet			10						10	12	32
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	15	10	30	20	20				15	10	120
Universitetet i Agder			40						25	30	95
Universitetet i Bergen	5	5	35	10	10				10	20	95
Universitetet i Oslo		5	30	20	20					15	90
Universitetet i Stavanger			60						35	20	115
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	10	5	10				20	20			65
Høgskolen i Oslo og Akershus			30						30	10	70
Høgskolen i Sørøst-Noreg			15						25	15	55
Høgskulen på Vestlandet			70						25	15	110

*Vidare oppbygging av studieplasstildelingar i 2016*

Institusjon	Medisin, Kat. A, 6 år	Psykologi, Kat. B, 6 år	Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), Kat. D, 1 år	Bachelor informatikk, Kat. E, 3 år	Master informatikk, Kat. C, 2 år	Scenografi, Kat. A, 2 år	Bachelor landskaps-arkitekt, Kat. B, 3 år	Master landskaps-arkitekt, Kat. B, 2 år	Strategiske studieplassar, Kat. D, 3 år	Strategiske studieplassar, Kat. C, 2 år	Studieplassar per institusjon
Høgskulen i Volda			10								10
Høgskolen i Østfold						5					5
NLA Høgskolen									10		10
VID vitenskapelige høgskole									20		20
Sum	30	25	350	50	50	5	20	20	220	162	932



Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar frå 2016 til 2017 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar i revidert nasjonalbudsjett 2016.

*Vidare oppbygging av studieplasstildelingar i RNB 2016*

Institusjon	Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), Kat. D, 1 år	IKT-sikkerheit utd., Kat. D, 4 år	Lærarutdanning, Kat. D, 5 år	Strategiske studieplassar, IKT/helse-utd., Kat. D, 4 år	Strategiske studieplassar, Kat. D, 4 år	Studieplassar per institusjon
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet		35			10	45
Universitetet i Agder				10	45	55
Universitetet i Bergen	75	30			35	140
Universitetet i Stavanger	50			20	45	115
Universitetet i Oslo				25		25
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk					5	5
Høgskolen i Oslo og Akershus				20		20
Høgskolen i Sørøst-Noreg				20		20
Høgskulen på Vestlandet	35			10	55	100
Høgskulen i Volda					5	5
Høgskolen i Østfold				10		10
Høgskolen Diakonova				5		5
Lovisenberg diakonale høgskole				5		5
NLA Høgskolen			30			30
VID vitenskapelige høgskole				10		10
SUM	160	65	30	135	200	590

### 4 Finansieringssystemet for universitet og høgskolar

Kapitlet inneheld informasjon om finansieringssystemet og endringane som blir innførte frå 2017. Vi viser til omtale av endringane i finansieringssystemet i Prop. 1 S (2015–2016), Del III, kap. 12 og Prop. 1 S (2016–2017) Del III, kap. 13. Endringane i finansieringssystemet er i hovudsak i den resultatbaserte delen.

I dette kapitlet gir vi ei oversikt over resultatindikatorar, satsar på indikatorane og data-grunnlaget for berekning av resultatbasert utteljing i 2017. Kapitlet inneheld òg informasjon om rapportering av data som grunnlag for utteljing i statsbudsjettet for 2018.

#### 4.1 Rammefinansiering

Den samla budsjetttramma til universitet og høgskolar blir løyvd over kap. 260 post 50 for universitet og statlege høgskolar og post 70 for private høgskolar. Rammeløyvinga omfattar basismidlar og resultatbaserte midlar. Basismidlane utgjer om lag 70 pst. av rammeløyvinga til universitet og høgskolar, og den resultatbaserte utteljinga utgjer om lag 30 pst. Forholdet mellom basismidlar og resultatbasert utteljing varierer mellom institusjonane.

Rammefinansieringa, med ei samla løyving som inkluderer både basismidlane og resultatbasert utteljing, gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Styret ved den enkelte institusjonen må vurdere i kva grad det vil bruke dei nasjonale resultatbaserte insentiva for utdanning, forskning, formidling og samarbeid i dei interne fordelingane av midlar. Vidare må det enkelte styret vurdere om institusjonen skal ha supplerande økonomiske insentiv for å støtte opp under eigne prioriteringar og strategiar.

##### 4.1.1 Basismidlar

Basismidlane skal sikre stabil og langsiktig finansiering. Storleiken på basismidlane til den enkelte institusjonen er avhengig av mange forhold. Basis er sett saman av midlar til fagleg profil og breidde i fagtilbod, husleigemidlar, midlar til drift og vedlikehald av bygningsmasse, midlar til særskilde og nasjonale oppgåver, øyremerka midlar til rekrutteringsstillingar og studieplassar med meir. I 2017 er dei samla basismidlane for sektoren 23,7 mrd. kroner. Da er basismidlane reduserte med om lag 300 mill. kroner, som er flytta til den resultatbaserte finansieringa i samband med innføringa av den nye indikatoren for bidrags- og oppdragsaktivitetar (BOA). Basismidlane er elles ført vidare som i tidlegare finansieringssystem og supplert med nye satsingar i statsbudsjettet for 2017.

I dei årlige statsbudsjetta blir midlar til nye studieplassar, redusert eller flytta studieplasskapasitet mellom institusjonar, lagt inn i basisdelen av finansieringssystemet. Midlane er berekna på grunnlag av satsar som følger same mønster som resultatbasert finansiering etter tal på studiepoeng og kandidatar, A-F. Vi viser til kap. 3.4 for ei oversikt over endringar i midlar til studieplassar i basisdelen. Satsane for studieplassar i basisdelen er førte vidare på same nivå som i 2016 og prisjusterte til 2017-kroner.

### 4.1.2 Resultatbasert finansiering

Den resultatbaserte finansieringa er resultat av kva den enkelte institusjonen har oppnådd på indikatorane. Incentiva skal stimulere institusjonane til å betre resultata sine.

Den resultatbaserte finansieringa er på om lag 10,7 mrd. kroner i 2017. Dette er summen av resultatbasert utteljing med tidlegare finansieringssystem og 300 mill. kroner som er flytta frå basismidlane til den nye indikatoren for BOA. Dei resultatbaserte midlane er i 2017 fordelt på nytt per institusjon i tråd med justert finansieringssystem, det vil seie med bakgrunn i dei indikatorane og satsane som gjeld frå 2017. 2017 blir dermed eit nytt startpunkt (utgangsposisjon) for resultatbasert utteljing i finansieringssystemet.

Med unntak av flytting av 300 mill. kroner frå basis, er endringane i finansieringssystemet i den resultatbaserte finansieringa. Med endringane i finansieringssystemet ønsker regjeringa å særleg stimulere til betre gjennomføring i utdanningane, til at utdanninga og forskinga blir meir internasjonalt retta og til å auke bidraget frå institusjonane til innovasjon og verdiskaping i samfunnet. Vi viser til omtale av mål for finansieringssystemet i Prop. 1 S (2016–2017), Del III, kap. 13.

Dei resultatbaserte midlane er fordelt på bakgrunn av resultat på følgjande indikatorar:

- tal på studiepoeng (open ramme)
- tal på utvekslingsstudentar (open ramme)
- tal på ferdigutdanna kandidatar (open ramme)
- tal på doktorgradskandidatar (open ramme)
- inntekter frå EU (lukka ramme)
- inntekter frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond (lukka ramme)
- inntekter frå bidrags- og oppdragsaktivitetar (lukka ramme)
- vitenskapleg publisering (publiseringspoeng) (lukka ramme)

Indikatorane for tal på kandidatar og inntekter frå BOA er nye frå 2017. Kandidatane blir fordelt på seks kategoriar A-F, tilsvarande som for studiepoeng. EU-indikatoren blir utvida til å gjelde alle inntekter frå EU, og berekningsmetoden for publiseringspoeng blir endra. Indikatoren for tal på doktorgradskandidatar får open budsjетtramme. Dei andre indikatorane blir førte vidare som i tidligare finansieringssystem, men satsane er endra. Sjå kap. 4.2 for omtale av dataspesifikasjon for dei ulike indikatorane.

Den resultatbaserte finansieringa har indikatorar med open og lukka budsjетtramme. I den opne ramma får institusjonane utteljing ut frå eigne resultat på indikatorane. Det betyr at institusjonane får meir midlar dersom dei produserer fleire studiepoeng, kandidatar, doktorgradskandidatar og utvekslingsstudentar. Tilsvarande vil institusjonane få redusert utteljing dersom dei produserer færre einingar. Indikatorane vitenskapleg publisering, inntekter frå EU, Forskringsrådet og regionale forskingsfond og BOA-verksemd har kvar sin eigen lukka budsjетtramme. Det betyr at utteljinga for den enkelte institusjonen vil avhenge av kva resultat institusjonen oppnår samanlikna med dei andre institusjonane. For indikatorane som har lukka budsjетtrammer, blir satsane berekna for kvart år på grunnlag av resultata i sektoren.

### 4.1.3 Unntak frå finansieringssystemet

Kunsthøgskolen i Oslo, Kunst- og designhøgskolen i Bergen, Arkitektur- og designhøgskolen, Noregs musikkhøgskole og nokre private høgskolar har tidlegare vore unntatte frå delar av finansieringssystemet. Dei private høgskolane deltar i prinsippet på alle indikatorane i dagens system, men fleirtalet har ingen eller svært låge inntekter frå EU og Forskingsrådet, det vil seie at dei i praksis ikkje deltar på desse indikatorane.

Kunnskapsdepartementet fører i store trekk vidare dagens unntak. To grupper av institusjonar er delvis unntatte frå finansieringssystemet frå 2017:

- statlege og private høgskolar med kunstfagleg profil
- private høgskolar, unntatt dei private vitskaplege høgskolane

For dei statlege og private høgskolane med kunstfagleg profil blir dagens unntak ført vidare, men kandidatindikatoren blir innført for institusjonar som deltar på studiepoengsindikatoren i tidlegare finansieringssystem. Det inneber at Kunsthøgskolen i Oslo og nåverande Kunst- og designhøgskolen i Bergen framleis berre deltar på doktorgradsindikatoren. Departementet vil vurdere endringar i deltakinga i finansieringssystemet i 2018 for Kunst- og designhøgskolen i Bergen, som blir eit fakultet ved Universitetet i Bergen i 2017. Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen deltar på indikatorane for studiepoeng, kandidatar, utveksling og doktorgradskandidatar. Dei tre private høgskolane med kunstfagleg profil, Barratt Due musikkinstitut, Bergen Arkitekt høgskole og Norges Dansehøyskole, deltar på indikatorane for studiepoeng, kandidatar og utveksling.

Dei private høgskolane, unntatt dei tre høgskolane med kunst fagleg profil, deltar på indikatorane for studiepoeng, kandidatar, utveksling, doktorgradskandidatar og vitskapleg publisering. Fleire av dei private høgskolane har ingen eller liten aktivitet når det gjeld publisering og doktorgradskandidatar, men indikatorane er foreslått innførte for å gi insentiv til fagleg utvikling og meir samarbeid med andre høgskolar og universitet. Fleire av dei private institusjonane har ingen eller svært låge inntekter frå EU, Forskingsrådet og andre aktørar. Dette mønsteret har vore stabilt over fleire år. Indikatorane for inntekter frå EU, Forskingsrådet, regionale forskingsfond og BOA kan gi svingingar i tilskottet frå år til år som kan vere uheldige for institusjonane. Kunnskapsdepartementet meiner derfor at desse indikatorane ikkje skal gjelde for dei private høgskolane.

Dei private vitskaplege høgskolane, Det teologiske Menighetsfakultet, Handelshøyskolen BI og VID vitenskapelige høgskole, har i tidlegare år hatt eit visst omfang av eksterne inntekter. Kunnskapsdepartementet forventar at dei tre private vitskaplege høgskolane over tid aukar inntektene frå EU og Forskingsrådet og samarbeider meir med samfunns- og næringslivet. Dei tre private vitskaplege høgskolane deltar i alle indikatorane i finansieringssystemet.

Tabellen på neste side gir ei oversikt over kva for indikatorar institusjonane deltar på i finansieringssystemet.

## Finansieringssystem

### *Deltaking på indikatorar i finansieringssystemet*

<b>Institusjon</b>	<b>Studiepoeng</b>	<b>Kandidatar</b>	<b>Utvexling</b>	<b>Doktorgrads-kandidatar</b>	<b>EU</b>	<b>Forskringsrådet</b>	<b>Publisering</b>	<b>BOA</b>
Kunsthøgskolen i Oslo				X				
Nåverande Kunst- og designhøgskolen i Bergen				X				
Barratt Due musikk institutt – Høgskoleavdelingen og Unge talenter	X	X	X					
Bergen Arkitekthøgskole	X	X	X					
Norges Dansehøgskole	X	X	X					
Noregs musikkhøgskole	X	X	X	X				
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	X	X	X	X				
Ansgar Teologiske Høgskole	X	X	X	X			X	
Høgskolen Kristiania	X	X	X	X			X	
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	X	X	X	X			X	
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	X	X	X	X			X	
Høgskolen Diakonova	X	X	X	X			X	
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	X	X	X	X				
Høgskolen for Ledelse og Teologi	X	X	X	X			X	
Lovisenberg diakonale høgskole	X	X	X	X			X	
NLA Høgskolen	X	X	X	X			X	
Rudolf Steinerhøgskolen	X	X	X	X			X	
Westerdals Høgskole Oslo								
School of Arts, Communication and Technology	X	X	X	X			X	
Nord universitet	X	X	X	X	X	X	X	X
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet	X	X	X	X	X	X	X	X
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	X	X	X	X	X	X	X	X
Universitetet i Agder	X	X	X	X	X	X	X	X
Universitetet i Bergen	X	X	X	X	X	X	X	X
Universitetet i Oslo	X	X	X	X	X	X	X	X
Universitetet i Stavanger	X	X	X	X	X	X	X	X
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskolen i Molde, vitenskapleg høgskole i logistikk	X	X	X	X	X	X	X	X
Noregs handelshøgskole	X	X	X	X	X	X	X	X
Noregs idrettshøgskole	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskolen i Hedmark	X	X	X	X	X	X	X	X

Deltaking på indikatorar i finansieringssystemet

Institusjon	Studiepoeng	Kandidatar	Utvexling	Doktorgrads-kandidatar	EU	Forskringsrådet	Publisering	BOA
Høgskolen i Lillehammer	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskolen i Oslo og Akershus	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskolen i Sørøust-Noreg	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskulen på Vestlandet	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskulen i Volda	X	X	X	X	X	X	X	X
Høgskolen i Østfold	X	X	X	X	X	X	X	X
Samisk høgskole	X	X	X	X	X	X	X	X
Det teologiske Menighetsfakultet	X	X	X	X	X	X	X	X
Handelshøgskolen BI	X	X	X	X	X	X	X	X
VID vitenskapelig høgskole	X	X	X	X	X	X	X	X

x= deltaking

## 4.2 Resultatbasert utteljing 2017

### 4.2.1 Datagrunnlag

Data som ligg til grunn for resultatbasert utteljing i finansieringssystemet, er i hovudsak henta frå Databasen for statistikk om høgre utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Data er kvalitetssikra av institusjonane, NSD og Kunnskapsdepartementet. NSD og institusjonane har gjennomført ekstra kvalitetssikring av tala til dei nye indikatorane. Departementet har godtatt endringar i enkelte tal etter fristen for rapporteringa. Det kan derfor vere avvik mellom nokre tal knytt til finansieringssystemet og tal i databasen til NSD. Dersom det kjem nye endringar i tala, vil departementet vurdere behovet for å justere tala og tilhørande budsjetteffektar i samband med statsbudsjettet for 2018.

Med innføringa av endringar i 2017, har vi nytta både tal for 2015 og treårig gjennomsnitt. Treårig gjennomsnitt er nytta i så stor grad som mogleg av omsyn til kvaliteten på tala og for å skape ein mest mogleg riktig utgangs-posisjon gjennom å redusere effekten av svært høge eller låge verdiar som kan oppstå tilfeldig eitt år.

Rekneskapstal er datagrunnlag for indikatorane for inntekter frå EU, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond og BOA-verksemd. I tidlegare finansieringssystem har departementet nytta kontante tal for rekneskapsindikatorane for å berekne utteljing. Frå 2017 er dette endra til at departementet nyttar periodiserte tal frå rekneskapane for å berekne resultatbasert utteljing. Overgang til periodiserte tal i finansieringssystemet blei varsla i samband med statsbudsjettet for 2016, jf. *Orientering om statsbudsjettet 2016 for universitet og høgskolar*. Periodiserte tal inneber at inntektene blir førte etter faktisk forbruk. Inntektene blir dermed fordelte over fleire år, og dette reduserer moglegheten for at svært høge eller låge inntekter

som kan oppstå tilfeldig eitt år, får effekt. Tabellen nedanfor viser kva for år som er nytta for datagrunnlaget for den resultatbaserte delen av finansieringssystemet i 2017.

### *Datagrunnlag for resultatbasert finansiering i 2017*

<b>Indikator</b>	<b>2015</b>	<b>Gjennomsnitt 2013-2015</b>
Kandidatar	x	
Utvekslingsstudentar inkludert utreisande studentar på Erasmus+	x	
Studiepoeng		x
Doktorgradskandidatar		x
Inntekter frå EU		x
Inntekter frå Forskingsrådet og regionale forskingsfond		x
Inntekter frå BOA		x
Publiseringspoeng		x

## 4.2.2 Indikatorar med open budsjettramme

### 4.2.2.1 Dataspesifikasjon

I tabellen nedanfor gir vi ein definisjon av kva som inngår i indikatorane som har open budsjettramme. Det er ikkje gjort endringar i spesifikasjonen for studiepoeng og doktorgradskandidatar samanlikna med tidlegare finansieringssystem. Sjå også dei gjeldande rapporteringskrava frå Kunnskapsdepartementet på nettsidene til DBH.

### *Dataspesifikasjon*

Studiepoeng	<p>Omfattar eksamensdata for eigenfinansierte studentar rekna om til 60-studiepoengseiningar og berre nye studiepoeng frå personar med studierett ved institusjonen. Studiepoeng ved gjentak og studiepoeng som privatistar tar, inngår ikkje i berekningsgrunnlaget. Studiepoeng som doktorgradstipendiatar tar, inngår heller ikkje. Studiepoeng som utvekslingsstudentar frå institusjonen tar ved ein annan lærestad i utlandet, skal ikkje inngå i rapporteringa. Statlege institusjonar med ekstern finansiering av studieprogram skal stadfeste kor stor prosent som er finansiert over rammeløyvinga til institusjonen. Statlege og private institusjonar vil ikkje få resultatbasert utteljing for studiepoeng tatt i studieprogram som får fullfinansiering etter egne avtalar eller vedtak. Dette gjeld for eksempel ved oppbygging av ei ny utdanning som får særskilde midlar over statsbudsjettet og studieprogram som fullt ut blir finansierte av offentlege oppdragsgivarar, som for eksempel Utdanningsdirektoratet.</p> <p>Ved anbodskonkurransar kan institusjonen ikkje legge til grunn i tilbodet til moglege oppdragsgivarar at det aktuelle studietilbodet vil få resultatbasert utteljing for studiepoeng.</p>
-------------	---

## Finansieringssystem

Kandidatar	<p>Gjeld personar som har gjennomført ein forskriftsfesta gradsgivande utdanning, jf. <i>Forskrift om grader og beskyttede titler</i>, og enkelte utvalde vidareutdanningar. Indikatoren omfattar: høgskolekandidatar, kandidatar med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), kandidatar med vidareutdanning i sjukepleie: jordmor, helsesøster, anestesi, barne, intensiv, operasjon og kreft, kandidatar med bachelorgradar, kandidatar med grunnskolelærerutdanning (1.-7. trinn og 5.-10. trinn), kandidatar med faglærerutdanning, kandidatar med forskriftsfesta mastergrader og kandidata/candidatus medicinae, kandidata/candidatus medicinae veterinariae, kandidata/candidatus psychologiae, kandidata/candidatus theologiae.</p> <p>For fellesgradar skal kandidatar rapporterast av ein institusjon etter avtale med dei andre samarbeidsinstitusjonane.</p>
Doktorgradskandidatar samarbeid om doktorgradsutdanning og kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid	<p>Omfattar stipendiatar som har fullført og disputert ved ein norsk institusjon. Telletidspunktet for rapporteringa er det kalenderåret disputasen blir gjennomført. Institusjonar som har tilsette (stipendiatar eller andre fagleg tilsette) som disputerer ved ein annan norsk institusjon, får 20 pst. utteljing av den ordinære doktorgradsutteljinga.</p> <p>Dersom vedkomande har vore tilsett ved fleire institusjonar i løpet av doktorgradsperioden, får gradsgivande institusjon full utteljing, medan den ikkje-gradsgivande institusjonen der vedkomande har vore lengst tilsett, får 20 pst. utteljing.</p> <p>Kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid gir utteljing på lik linje med doktorgradar.</p>
Uttekslingsstudentar	<p>Omfattar alle inn- og utreisande utvekslingsstudentar med ein utvekslingsavtale eller eit utvekslingsprogram som varer tre månadar eller meir, med unntak av utreisande studentar på Erasmus+-programmet, som har ein annan sats. Omfattar studentar under kvoteprogrammet og utvekslingsstudentar på varige formaliserte utvekslingsavtalar av typen praksisprogram. Omfattar ikkje individbaserte avtalar. Institusjonane skal ikkje rapportere utveksling av stipendiatar eller andre doktorgradskandidatar.</p>
Utreisande studentar på Erasmus+-programmet	<p>Omfattar alle utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+-program som varer tre månader eller meir. Omfattar også praksis og individbaserte avtalar.</p> <p>Erasmus+ er ein samanslåing av programma livslang læring (LLP), inkludert Erasmus, Erasmus Mundus, Tempus og Youth.</p>

Oversikta på neste side viser korleis ulike utdanningar er fordelt på kategoriar. Det er ikkje gjort endringar i kategoriinndelinga samanlikna med tidlegare finansieringssystem. Kategoriane er grunnlag for berekning av utteljing på indikatorane studiepoeng og kandidatar.



## Finansieringssystem

Kategori	Utdanning
Kategori A	Profesjonsutdanningane i medisin og odontologi, veterinærutdanning, kunstakademiet (NTNU), film- og fjernsynsutdanning (HiL) og scenografi og skodespel (HiØ).
Kategori B	Femårige masterprogram i arkitektur og industridesign, utøvande kunst- og musikk-utdanningar på lågare og høgre grads nivå, grunnutdanning i produktdesign, grunnutdanning i animasjon, profesjonsutdanning i psykologi og farmasi, grunnutdanning i ortopediingeniør.
Kategori C	Realfag, teknologi, fiskerifag og kunst på høgre grads nivå, faglærerutdanning i musikk, dans og drama.
Kategori D	Humanistiske, samfunns- og idrettsvitenskaplege fag på høgre grads nivå, femårige masterprogram i teknologi, bibliotek, økonomi og administrasjon på høgre grads nivå. Grunnutdanning i fysioterapi, mensendieck, bioingeniør, ergoterapi, radiografi, audiografi, døvetolk, reseptar, tannteknikk, tannpleie, fotojournalist, jordmor, stråleterapi, ABIOK-utdanningar (vidareutdanning i anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie). Visuell kommunikasjon, tekniske mediefag (film og fjernsynproduksjon, grunnskolelærerutdanning, faglærerutdanning i kunst- og handverksfag, allmennlærerutdanning med fordjuping i musikk, femårig integrert lærarutdanning, årsstudium i praktisk-pedagogisk utdanning.
Kategori E	Sjukepleiar-, vernepleiar-, barnevernspedagog-, barnehagelærer-, yrkesfaglærer, journalist-, ingeniør- og dyrepleiarutdanning. Profesjonsstudiet i juss, faglærerutdanning i praktisk-estetiske fag og faglærerutdanning i kroppsøving. Teknologisk og maritim utdanning, realfag, idrettsfag, friluftsfag, kunstfag, landbruksfag, skogfag, husdyrfag og fiskerifag på lågare grads nivå. Vidareutdanning i helsesøster, psykisk helse og teiknspråk.
Kategori F	Humanistiske og samfunnsvitenskaplege fag på lågare grads nivå, økonomi og administrasjon på lågare grads nivå, revisor-, sosionom- og bibliotekarutdanning, reiseliv og ex. phil.

Innplassering av utdanningar i ein høgre kategori skal vere budsjettøytral for institusjonen i endringsåret dersom ikkje Stortinget har vedtatt anna. Det inneber at ved kategoriheving og auka resultatutteljing som følge av dette, justerer departementet basismidlane tilsvarende ned i endringsåret. For komande år vil auke i studiepoeng og i kandidatar gi auka utteljing med den nye, høgre satsen, medan reduksjon i studiepoeng og i kandidatar vil gi redusert utteljing berekna med høgre sats.

### 4.2.2.2 Satsar

Satsane til indikatorane for studiepoeng, kandidatar og utveksling er satt slik at den samla utteljinga for desse tre indikatorane i 2017 blir på same nivå som utteljinga ville ha vore dersom tidlegare finansieringssystem med berre studiepoeng og utveksling hadde blitt ført vidare. Sjå Prop. 1 S (2016–2017) Del III kap. 13 for meir informasjon om satsane.

Satsane for kandidatindikatoren følger same mønster som for studiepoeng med seks kategoriar, A–F. Lengda på utdanningane varierer innanfor kvar kategori frå eitt til fem-seks år. Departementet har derfor gitt dobbel sats for kandidatar på integrerte fem-årige mastergrads-

program og andre utdanningar som har lengde på fem-seks år. Dette er gjort for å få eit system som er mest mogleg rettvist, og som samtidig er enkelt å forstå og administrere, jf. omtale i Prop. 1 S (2016–2017) Del III kap. 13.

Insentivstyrken på indikatoren for doktorgradskandidatar blir ført vidare på om lag same nivå som i 2016 og prisjustert til 2017-kroner.

Nedanfor er ei oversikt over satsane for kategoriane A-F, utvekslingsstudentar og doktorgradskandidatar.

Kategori	Utdanning	Studiepoeng	Kandidatar	Kandidatar integrerte mastergradar m.m.
Kategori A	Kliniske utdanningar o.a.	126 000	95 000	190 000
Kategori B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	96 000	72 000	144 000
Kategori C	Realfag på høgre grads nivå o.a.	64 000	48 000	96 000
Kategori D	Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgre grads nivå, grunnskolelærerutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærerutdanningar, praktiske mediefag	47 000	36 000	72 000
Kategori E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	38 000	29 000	58 000
Kategori F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	32 000	24 000	48 000

Indikator	Satsar i kroner
Utvekslingsstudentar	10 000
Utreisande studentar på Erasmus+-program	15 000
Doktorgradskandidatar	367 000

## Finansieringssystem

### 4.2.2.3 Tal på studiepoeng, kandidatar, doktorgradskandidatar og utvekslingsstudentar

Oversikta nedanfor viser datagrunnlaget som inngår i berekning av utteljing for studiepoeng i statsbudsjettet for 2017. Tabellane viser 60-studiepoengseiningar (SPE) fordelte på kategori i 2013, 2014 og 2015.

<b>Tal på studiepoeng 2013–15</b>																		
